

# Instruks for rektor ved Høgskulen i Volda

Vedtatt av styret ved Høgskulen i Volda 4. mai 2023.

## 1. Overordna rammeverk for instruksen

Universitets- og høgskulelova § 9-1:

*(1) Styret er det øverste organet ved institusjonen. Det har ansvar for at den faglige virksomheten holder høy kvalitet og for at institusjonene drives effektivt og i overensstemmelse med de lover, forskrifter og regler som gjelder, og de rammer og mål som gis av overordnet myndighet.*

*(2) Alle beslutninger ved institusjonen truffet av andre enn styret, treffes etter delegasjon fra styret og på styrets ansvar. Styret kan delegerer sin avgjørelsesmyndighet til andre ved institusjonen i den utstrekning det ikke følger av denne lov at styret selv skal treffe vedtak, eller det er andre særlige begrensninger i adgangen til å delegerer.*

Styret ved Høgskulen i Volda vedtok 16.06.2022 (sak 40/22) at HVO skal ha vald rektor.

## 2. Rektor si rolle ved Høgskulen i Volda

### 2.1 Overordna rammeverk for valt rektor

Universitets- og høgskolelova § 10-2:

*.. Hvis rektor er valgt, gjelder følgende om rektor:*

*a) Rektor er styrets leder. Rektor har på styrets vegne det overordnede ansvar for og ledelse av institusjonens virksomhet og fører tilsyn med denne. Rektor, og i dennes sted, prorektor, har rett til å delta i møter i alle institusjonenes styrer og utvalg.*

*b) Rektor avgjør saker i det omfang disse ikke kan utsettes til styret kan komme sammen i møte. Rektor kan også gis fullmakt til å avgjøre løpende saker som bør avgjøres før neste ordinære styremøte, og som ikke anses som viktige nok til at ekstraordinært møte innkalles. I sak om avskjed eller suspensjon kan rektor bare beslutte kortvarig suspensjon i tjenesten, i påvente av styrets behandling.*

Universitets- og høgskolelova § 12-1 (2):

*Rektor er institusjonens rettslige representant, lovlig stedfortreder og institusjonens talsperson overfor offentlige myndigheter og allmennheten. I den enkelte sak kan rektor oppnevne stedfortreder i sitt sted.*

## 2.2 Instruks for rektor

- I. Rektor er styret ved høgskulen sin leiar og skal ha heile sitt daglege virke som styreleiar, i tillegg til dei oppgåver universitets- og høgskolelova og styret elles pålegg han/ho.
- II. Rektor skal vektlegge dei oppgåver der vedkomande har spesielle føresetnader, som følgje av sin vitskapelege bakgrunn, valde status og rolla som høgskulen sin fremste representant.
- III. Rektor skal på vegne av styret særleg bidra til å ta i vare styret sitt ansvar for at den faglege verksemda held høg kvalitet, jf. universitets- og høgskolelova § 9-1 (1). Rektor skal i dette høvet legge vekt på å utøve rolla som leiar for den faglege verksemda, mellom anna ved å fungere som inspirator, kulturbygger og initiativtakar, og oppfølging av kvalitetssvikt. Rektor har også på vegne av styret eit særleg ansvar for koordineringa av kvalitetsarbeidet i utdanningsverksemda og for å følgje opp resultat.
- IV. Rektor skal også bidra til å utøve styret sitt ansvar for å trekke opp strategien for institusjonen sin utdannings- og forskingsverksemd, og anna fagleg verksemd. I tillegg har rektor eit særleg ansvar for å bidra til styret si oppgåve om legge planar for den faglege utvikling i samsvar med dei mål som er gitt av overordna mynde for sektor og institusjon, jf. universitets- og høgskolelova § 9-2 (1).
- V. Rektor har som oppgåve å vere høgskulen sin fremste representant utanfor organisasjonen. Han/ho skal bidra til utvikling av godt samarbeid med aktørar utanfor høgskulen. I tillegg har rektor ansvar for å take i vare høgskulen sine interesser overfor mellom anna nasjonale og lokale mynde, samt bidra til fagleg nettverksbygging både nasjonalt og internasjonalt.
- VI. Rektor har ansvar for å oppretthalde ein god og løpande dialog med representantar for studentane.
- VII. Rektor skal sørge for regelmessig kontakt og dialog med avdelingane og andre fageiningar på høgskulen om viktige laupande saker, om tema av overordna og strategisk karakter og for å sørge for laupande kvalitet på den faglege verksemda.